
NOTAT 2011 – 16

Inntekt, sparing og investering i jordbruket

Driftsgranskingsdata for 1992–2009

AGNAR
HEGRENES



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskningar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

NILF gjev også ut:

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2011-16

Inntekt, sparing og investering i jordbruket

Driftsgranskingsdata for 1992–2009

Agnar Hegrenes



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Inntekt, sparing og investering i jordbruket
Forfatter	Agnar Hegrenes
Prosjekt	SIP Produktivitet og konkurranseevne (I046)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2011
Antall sider	30
ISBN	978-82-7077-810-2
ISSN	0805-9691
Emneord	landbrukshushald, inntekt, investering, sparing, finansiering

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Jordbruk er ei kapitalkrevjande næring. I tillegg har bøndene også egedelar knytt til andre næringsaktivitetar og private egedelar. Utvikling i investering og korleis desse er finansierte kan vere interessante indikatorar på utviklinga i jordbruket. Investeringar kan og ha stor innverknad på produktivitetutviklinga i jordbruket.

Dette notatet er ei relativt enkel oversikt over utviklinga i investeringar, gjeld og sparing i jordbrukshushald. Det er lagt relativt stor vekt på investering og kapitaltilhøva utanom sjølve jordbruket.

Notatet er ein del av det strategiske programmet Produktivitet og konkurransevne i jordbruket (PROCOM) som er finansiert av Noregs forskingsråd.

Agnar Hegrenes har skrive notatet. Torbjørn Haukås og Sjur Spildo Prestegard har lese tidlegare utkast til notatet og har kome med god råd og kommentarar. Anne Bente Ellevold har gjort notatet klart for trykking.

Oslo, oktober 2011
Ivar Pettersen

Innhold

SAMMENDRAG	1
1 INNLEIING OG FORMÅL.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Litt om tidlegare granskingar	4
1.3 Problemstilling og formål.....	5
1.4 Avgrensing	6
1.5 Oppbygging av notatet	6
2 MATERIALE OG METODE.....	7
2.1 Definisjonar og omgrep.....	7
2.2 Data	7
2.3 Metode.....	8
3 UTVIKLING I INNTEKT, INVESTERING OG SPARING	11
3.1 Inntekt og sparing.....	11
3.1.1 Utvikling i inntekt og inntektssamansetjing	11
3.1.2 Sparing som del av inntekt.....	12
3.1.3 Sjølvfinansiering	14
3.2 Utvikling i investeringar og samansetjing av investeringar	14
3.2.1 Jordbruk	14
3.2.2 Investeringar i skogbruk, tilleggsnæringar og andre næringar	16
3.2.3 Privat og omløpsmidlar	16
3.2.4 Totale investeringar	17
3.3 Gjeld og sparing	18
3.3.1 Real- og finansinvestering	19
3.3.2 Betalte gjeldsrenter	20
4 DRØFTING OG KONKLUSJON.....	23
4.1 Drøfting	23
4.2 Mogeleg utviding av analysane	24
4.3 Konklusjon	25
REFERANSAR	27
VEDLEGG	29

Samandrag

Formålet med dette notatet er å gje ei oversikt over utvikling i inntekt, investering og sparing i jordbrukshushald.

- Kor mykje er investert i jordbruk og andre eigedelar, og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor stor del av den årlege nettoinntekta har vorte spart og korleis har dette endra seg over tid?
- Korleis har investeringane vore finansierte og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor mykje er betalt i gjeldsrenter i dei enkelte åra, og korleis har dette endra seg over tid?

Notatet er langt på veg ei oppdatering og vidareføring av ein analyse for perioden 1966–1991 (Hegrenes 1993a). Analysen i dette notatet er basert på er årlege gjennomsnittstal for alle deltakarbruk i driftsgranskingane i jord- og skogbruk for åra 1992–2009 (NILF 1993–2010). Samdrifter er ikkje med i materialet. Bakgrunn og formål er omtala i kapittel 1.

I kapittel 2 og i vedlegg er definisjonar og omgrep, data og materiale omtala. Investering vil seie å skaffe «nye» eigedelar. Investering kan målast både brutto og netto. Bruttoinvestering vil seie verdien av den gjenstanden eller finansobjektet som er skaffa. Nettoinvestering er i dette materialet bruttoinvestering minus fråsal, avskrivning, nedskrivning og tilskot. Nettoinvestering vil og vere lik endring i verdi frå inngåande til utgåande balanse. I dette notatet er sparing definert på to måtar:

- Endring i eigenkapital frå inngåande til utgåande balanse
- Nettoinntekt minus privatforbruk og skatt. Dette kan ein og kalle tilbakehalde overskot

Endring i eigenkapital er lik endring i sum eigedelar frå inngåande til utgåande balanse minus endring i gjeld frå inngåande til utgåande balanse.

For at endring i eigenkapitalen skal vere lik nettoinntekt minus privatforbruk og skatt, må nettoinntekt omfatte både det som i driftsgranskingane er definert som nettoinntekt og nettobeløpet for verdiregulering.

Inntektseffekten av jordbruksfrådraget er ikkje teke omsyn til i dette notatet.

Kronebeløp for dei enkelte åra er rekna om til 2009-kroner ved hjelp av konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå.

Utvikling i balanse og gjeld er påverka både av det som skjer på dei enkelte bruka i dei enkelte åra, og av utskifting av deltakarbruk i materialet. Spesielt utviklinga i gjeld er påverka av utskifting av bruk. I drøftinga av utvikling i investering og sparing er det berre endringar frå inngåande til utgåande balanse som er interessant.

Resultata av analysen er presenterte i kapittel 3. Nettoinntekta per hushald har auka frå knapt kr 500 000 tidleg i perioden til vel kr 700 000 sist i perioden, eller med om lag kr 15 250 per år. Driftsoverskotet frå jordbruk var omtrent det same først i perioden som sist i perioden. Den trendmessige auke var på om lag kr 1 100. Inntektsauken har såleis kome frå anna enn jordbruk.

Privatforbruket var knapt kr 300 000 tidleg i perioden, og det har auka relativt jamt frå år til år. Den gjennomsnittlege auken var kr 8 960 per år. Skatten har også auka

relativt jamt frå år til år, i gjennomsnitt med kr 2 235 per år. Sparinga har variert omtrent som nettoinntekta og har vore positiv i alle åra. Sparinga var rundt kr 30 000 per år tidleg i perioden og har vore om lag kr 100 000 sist i perioden. Spareraten har variert mellom 1,4 prosent i 1999 og 20 prosent i 2007 av nettoinntekt og mellom 2 prosent og 25 prosent av disponibel inntekt i dei same åra. Spareraten var generelt lågare midt i perioden enn først og sist i perioden. Ved ei gitt inntekt har forbruket auka og sparinga minka i den analyserte perioden.

Sjølvsfinansiering er sparing pluss avskrivningar. Sjølvsfinansieringa har auka ujamt over perioden og var spesielt stor i 2007 og 2008.

Nyanlegg i jordbruket (jord og grøfter, driftsbygningar, maskinar og yrkesbil, og mjølkekvote) var om lag kr 100 000 først i perioden og auka til nær kr 300 000 i 2009. Avskrivningar og sal og tilskot auka også. For buskap og varelager har endringa dei fleste åra vore nær null. Nettoinvesteringa i jordbruket var under kr 50 000 i alle åra fram til og med 2003. Enkelte år var nettoinvesteringa negativ. Frå og med 2004 har nettoinvesteringa vore større og var i 2008 og 2009 nær kr 150 000. Fordi rekneskapa er baserte på prinsippet om historisk kost, kan ein hevde at avskrivningane er undervurderte og nettoinvesteringa overvurdert. Ein fullstendig korleksjon for «feila» ved historisk kost ville påverka fleire faktorar enn avskrivning, mellom anna finansielle postar. Nettoeffekten for nettoinvestering av ein meir omfattande justering er ikkje undersøkt.

Også investeringar i skogbruk, tilleggsnæring og andre næringar og privat inkludert omløpsmidlar har auka i perioden. I alle åra bortsett frå dei to siste har det vore større nettoinvestering i eigedelar utanom jordbruket enn i jordbruket. Det er spesielt verdien av private eigedelar og omløpsmidlar som har auka. Jordbrukets del av samla eigedelar har minka. Dette er framhald av ein trend frå perioden 1980–1992 (Hegrenes 1993b).

Rekna i 2009-kroner hadde deltakarane bokførte eigedelar for knapt 2,3 mill. kr per 1.1.1992. Dette auka til vel 4,1 mill. kr per 31.12.2009. I same perioden auka gjelda frå 0,93 mill. kr til 1,9 mill. kroner, mens eigenkapitalen auka frå knapt 1,4 mill. kr til 2,3 mill. kr. Som nemnt skuldast ein del av denne auken, spesielt i gjeld, utskifting av deltakarbruk. Når ein berre ser på endringar innafor rekneskapsåret, minka gjelda dei første åra og har auka alle åra frå og med 1995. Både totale verdiar og eigenkapital har auka. I gjennomsnitt har gjelda auka meir enn eigenkapitalen.

Sparinga kan ein dele i real- og finansinvestering. Realinvestering er endring i verdien av realaktiva, men finansinvestering er endring i verdien av finansielle eigedelar minus endring i gjeld. Finansinvesteringane minka over den analyserte perioden, mens realinvesteringane har auka. At finansinvesteringane har minka betyr at gjelda har auka meir enn verdien av finansielle eigedelar (kontantar, bankinnskot, aksjar osv.).

Rentefoten på lån var høgare i 1980-åra enn seinare. Betalte gjeldsrenter har sidan 1995 vore omtrent 10 prosent av inntekt før gjeldsrenter er trekte frå. Dette er omtrent halvparten av kva det var i slutten av 1980-åra.

Kapittel 4 er ei kort drøfting av resultata og det er trekt enkelte konklusjonar.

Denne enkle analysen viser at for å forstå utviklinga i den finansielle situasjonen for landbrukshushald må ein sjå på meir enn det som tradisjonelt er kalla investering i jordbruket og utviklinga i gjeld. Det er investering også i anna enn eigedelar i jordbruket, og eigedomsoverdraging påverkar den bokførte verdien av eigedelar og gjeld.

Denne analysen er basert på gjennomsnittstal for alle deltakarbruk i driftsgranskningane. Slike gjennomsnittstal kan syne tendensar, men kan skjule viktig informasjon som ein kunne fått fram ved analyse av data for enkeltbruk. Til slutt i kapittel 4 er det nokre forslag til utviding av analysen.

1 Innleiing og formål

1.1 Bakgrunn

Jordbruket har i lang tid vore prega av betydelege strukturendringar. Dette kjem til uttrykk mellom anna ved at det vert færre jordbruksbedrifter, men kvar bedrift driv i gjennomsnitt større areal og har større produksjon (større produktmengde). For perioden 1990–2009 var samla produktmengde nokolunde konstant i jordbruket, mens innsatsen av arbeid og kapital (avskrivningar og rentekrav) minka, og innsatsen av andre faktorar (ikkje-varige innsatsfaktorar) var omtrent uendra eller gjekk litt ned (Hegrenes 2010). Ved utrekning av rentekravet vart det nytta same rentefot for heile perioden. I same perioden vart talet på jordbruksbedrifter omtrent halvert. Med omtrent konstant produktmengde og halvering av talet på jordbruksbedrifter har produktmengda per bedrift vorte dobla, i gjennomsnitt. Gjennomsnittleg arbeidsinnsats per jordbruksbedrift auka med ca. 10 prosent frå åra rundt 1990 til 2009 (Budsjettnemnda for jordbruket 2010 s. 11). Innsatsen av kapital og ikkje-varige innsatsfaktorar auka meir enn arbeidsinnsatsen, rekna per bedrift.

Fordi det er flest små bedrifter som sluttar, vil ikkje endringa på dei som er att, vere så stor som endringa i gjennomsnittet.¹ Auka produksjon av jordbruksvarer per bedrift vil likevel ofte bety at gardbrukarane investerer i produksjonsutstyr med større kapasitet. Gardbrukarar kan og investere i anna enn jordbruk, til dømes i skogbruk, andre næringar, bustadhus, privatbilar og aksjar. Dei kan auke bankinnskot.

Driftsgranskningane i jordbruket viser at også i bedrifter der jordbruksproduksjonen har eit betydeleg omfang, utgjer inntekt frå anna enn jordbruk ein stadig aukande del av totalinntekta (NILF 2010).² Det er ikkje urimeleg å vente at det ligg auka investering bak i alle fall ein del av den auka inntekta utanfor jordbruket.

Investeringar må finansierast. Ein måte er å redusere bankinnskot, eller selje nokre eigedelar for å finansiere kjøp av andre eigedelar. I slike tilfelle er det eigenleg omdisponering av midlar. Ein kan og finansiere investeringar over drift eller andre inntekter i investeringsåret. Eit tredje alternativ er å ta opp lån. Offentlege tilskot er og eit alternativ for enkelte typar investeringar.

Vi må kunne rekne med at kva gardbrukarar investerer i, kor mykje dei investerer og korleis dei finansierer investeringar er påverka av korleis dei oppfattar framtidig lønsemd i dei enkelte investeringsalternativa og kostnader ved finansieringsalternativa.

Sparing vil seie at ein ikkje nyttar heile inntekta etter skatt til forbruk. Det kan vere mange årsaker til at personar sparer. Browning og Lusardi (1996) listar opp ni motiv for å spare. Åtte av motiva har dei frå J.M. Keynes. Mellom desse motiva er å sikre seg mot negative hendingar i framtida (the precautionary motive), å sikre framtidig forbruk (the

¹ Dette kan ein vise med eit enkelt eksempel. Lat oss seie at det er to bedrifter, ei med 50 daa og ei med 150 daa. Gjennomsnittet er 100 daa. Dersom den minste bedrifta vert nedlagt og jorda seld eller leigd til den andre, vil det attverande bruket ha 200 daa. Gjennomsnittet har auka med 100 daa, mens det attverande bruket har auka med 50 daa.

² I driftsgranskningane vert om lag 5–10 prosent av deltakarbruka skifte ut kvart år. Uttaket av nye bruk skjer på grunnlag av lister over brukarar som er tilfeldig trekte frå Statens landbruksforvaltnings register over søkjarar på produksjonstilskot. Uttrekte brukarar skal ha eit produksjonsomfang som tilsvarer eit standard dekningsbidrag på minst 8 ESU (European Size Units - europeiske storleikseiningar). Dette svarer til om lag kr 83 800 i 2009. Utveljing av deltakarar er omtalt i NILF (2010 s. 7).

life-cycle motive), å ha høve til å gjere «ting» i framtida utan at ein veit kva det er (the independence motive), å kunne slå til på gode investeringsprosjekt the enterprise motive), og å spare for å kunne kjøpe hus, bilar og andre varige forbruks gode (the down-payment motive).

Kor mykje ein person eller eit hushald sparar, vil kunne vere påverka av mange faktorar. Ein godt fungerande kredittmarknad kan gjere at ein treng mindre reservar for å møte tilfeldige svingingar i inntekt. Behovet for å spare for å kunne ha eit «rimeleg» forbruk når ein er gammal, vil vere avhengig av kor omfattande pensjonsordningane er. Behovet for å spare kan vere avhengig av kor sikker ein reknar at eit arbeidsforhold er, kor lett det er å kunne få nytt arbeid, og kor gode sosiale nettverk som finst. Slike forhold kan endre seg over tid, og dette kan medverke til at sparinga endrar seg.

Dei årlege driftsgranskningane i jord- og skogbruk har mykje informasjon om kapital-situasjonen for norske landbrukshushald. I prinsipp er det informasjon om alle inntekter og utgifter og alle egedelar og all gjeld som brukarfamilien har. Så vidt eg kjenner til, er det likevel få analysar over kapital-situasjonen for norske bønder og korleis denne endrar seg over tid. Med dette notat vil eg prøve å vise utviklingstrekk dei siste åra.

1.2 Litt om tidlegare granskningar

I alle åra frå 1967 til 1978 auka gjennomsnittleg nettoinntekt for driftsgranskingsbruka, rekna i fast pengeverdi (Hegrenes 1993a). Frå og med 1979 til og med 1991 var utviklinga meir ujamn. Privatforbruket auka frå 1967 til 1979. Så var det nedgang fram til 1984. Deretter auka det kvart år fram til 1991. Sparinga viste aukande tendens fram til om lag 1976. Deretter var det tendens til gradvis lågare sparing, både målt i konstant pengeverdi og i prosent av nettoinntekt (sparerate). På det meste var spareraten mellom 35 og 40 prosent. I 1991 var spareraten rundt 12 prosent. Sparinga kan delast i realinvestering og finansinvestering. Realinvesteringane vart sterkt reduserte etter 1981, mens finansinvesteringane, som var små i åra 1976–1979, auka sterkt fram mot 1991 (Hegrenes 1993a). Jordbruket sin del av samla bokført kapital gjekk ned frå 63,5 prosent i 1980 til 56,2 prosent i 1992 (Hegrenes (1993b).

Ikkje alle jordbruksbedrifter investerer kvart år. Ifølgje Statistisk sentralbyrå (2010a) investerte 14 prosent av jordbruksbedriftene i driftsbygningar i jord- og hagebruk i 2008, mens 31 prosent av bedriftene investerte i maskinar og reiskap for jord- og hagebruk. Prosenttala var høgare enn i tidlegare år då det vart gjort tilsvarande undersøkinga (1988, 1997, 2001 og 2005). Færrest bedrifter med investering var det i 1997 då 9 prosent investerte i driftsbygning og 21 prosent investerte i maskinar og reiskap. Investert beløp per bedrift med investering var større i 2008 enn i dei tidlegare åra, rekna i 2008-kroner, spesielt for driftsbygningar. Investert beløp har variert meir for driftsbygningar enn for maskinar og reiskap. Samtidig med at investeringane auka, auka også omfanget av leasing frå 2005 til 2008.

Det er mange som har forsøkt å forklare investeringsatferd, sjå Barry og Robison (2001) for ein oversikt. Det er brukt mange metodiske tilnærmingar og typar av data. Mitt inntrykk er at det er vanskeleg å finne gode forklaringsmodellar, det vil seie modellar som forklarar ein stor del av observert investering. Det kan vere mange årsaker til dette, men eg får ikkje inn på dette her.

Sand (2001) fann at sparinga i norske landbrukshushald hadde minka sterkt i 1980- og 1990-åra. Han fann mellom anna at konsumraten («konsumtilbøyeligheten») var mykje lågare (spareraten var høgare) for pris- og produksjonsavhengig inntekt enn for anna inntekt. Over tid utgjorde pris- og produksjonsavhengig støtte ein stadig mindre del av totalinntekta for landbrukshushald. Endring i inntektssamansetjing og usikkerheit knytt til kvar type inntekt kunne difor bidra til å forklare nedgangen i sparing i norske

landbrukshushald. Også Carriker et al. (1993) fann at den marginale konsumraten³ var lågare for inntekt som var oppfatta som meir variabel enn for inntekt som var mindre variabel. Nyare empiriske analysar har vist at hushald med stor usikkerheit om inntekt sparer meir enn hushald med mindre inntektsrisiko (Jensen og Pope 2004, Dedah og Mishra 2009a, Dedah og Mishra 2009b). Dette støttar opp om ei hypotese om at hushald med usikker inntekt har eit forsiktigheitsmotiv for å spare. I dei siste åra er det utført enkelte analysar av kva forsiktigheitsmotivet betyr for sparinga og formue i (amerikanske) landbrukshushald. Dedah og Mishra (2009a og 2009b) refererer til enkelte studiar som har funne at forsiktigheitssparing (precautionary saving) står for ein stor del av sparinga i amerikanske landbrukshushald, mens andre har funne at slik sparing utgjør berre ein liten del av den totale sparinga. Tiltak som fører til redusert inntektsrisiko i jordbruket, kan føre til redusert sparing. Auka inntektsrisiko kan derimot føre til auka sparing.

Inntektsrisiko har samanheng med mange faktorar knytt til produksjon, prisar og tilskot og finansiering. Den finansielle risikoen vil normalt auke med aukande gjeldsgrad (sjå til dømes Barry & Ellinger 2010: kapittel 6). Høg eigenkapitalprosent er trekt fram som eit kjenneteikn ved landbruk i mange land (Barry & Robison 2001 s. 516-519, Madden og Malcolm 1996 s. 153).⁴ Når kapitalmengda på gardsbruka aukar, må ein spare dersom ikkje gjeldsprosenten og den finansielle risikoen skal auke, alt anna likt.

Det er mange arbeid om optimal samansetjing av egedelar og optimal finansiering (sjå Barry og Robison (2001) for ei oversikt). Forventa avkastning, variasjon på avkastning, lånekostnader og variasjon i lånekostnader og haldning til risiko (risikoaversjon) påverkar kva som er optimal gjeld (gjeldsgrad) og finansiell struktur (Barry og Robison 2001 s. 541). Eg drøftar ikkje optimal gjeldsgrad i dette notatet.

1.3 Problemstilling og formål

Dei seinaste åra har det vore betydeleg strukturendringar i jordbruket, og det har vorte færre og større jordbruksbedrifter. Sjølv om det har vorte meir leigd jordbruksareal og leasing av maskinar, vil auka bruksstorleik i mange tilfelle føre til større verdi på egedelane per bedrift. Denne auken må finansierast ved eigenkapital eller gjeld, eventuelt investeringstilskot. Eigenkapital kan ein anten skaffe ved å bruke av årets inntekt (spare), eller redusere på andre egedelar, til dømes bankinnskot. Bruk av bankinnskot er omdisponering av verdier. Ekstra stor tømmerhogst vil vere ein del av nettoinntekta.

Det er truleg at når bønder investerer i varige driftsmiddel, har dei eit mål om å sikre framtidig inntekt. Sett over levetida for investeringa bør lønsemda ved investeringa vere så god at ein kan oppnå ei tilstrekkeleg forrenting når arbeidskrafta har fått eit ønskt vederlag, eller at arbeidskrafta oppnår ei ønskt inntekt når kapitalen er forrenta. Kva som er ønskt eller tilstrekkeleg forrenting og arbeidsbetaling, vil variere frå bonde til bonde. I tillegg til tilstrekkeleg lønsemd må ein og ha tilstrekkeleg likviditet til å betale mellom anna renter og avdrag på lån. Driftsgranskingsmaterialet gir ikkje høve til å kalkulere avkastning på dei enkelte investeringane. Betalte gjeldsrenter kan likevel vere ein indikator på kva belastning lånefinansieringa har for likviditeten, spesielt om ein ser dette i høve til inntekt.

Bønder har egedelar som er knytt til skog eller andre næringar og til privat i tillegg til egedelar i jordbruket. Ein kan seie at det er konkurranse om kva bøndene skal inves-

³ Marginal konsumrate er brukt som norsk uttrykk for «marginal propensity to consume - MCP)

⁴ Madden og Malcolm (1996 s. 153) skriv at «In agriculture in Australia, highly geared businesses rarely exist, or if they exist they rarely persist.»

tere i. I driftsgranskingane er gjerne fokus på investeringar i jordbruket og utvikling i gjeld (sjå til dømes NILF 2010). Det er mindre fokus på andre investeringar som jordbrukshushalda har, sjølv om også desse kan påverke gjelda. Driftsgranskingane har informasjon om investeringar i anna enn jordbruk. Denne informasjonen er i større grad enn for jordbrukseigedelar basert på verdiar i skatterekneskap.

I dette notatet skal vi sjå på utvikling i inntekt, investering og sparing i jordbruks-hushald.

- Kor mykje er investert i jordbruk og andre eigedelar, og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor stor del av den årlege nettoinntekta har vorte spart, og korleis har dette endra seg over tid?
- Korleis har investeringane vore finansierte, og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor mykje er betalt i gjeldsrenter i dei enkelte åra, og korleis har dette endra seg over tid?

1.4 Avgrensing

Som det går fram av dei fire spørsmåla ovanfor, er analysen relativt deskriptiv. Eg ser på utvikling i inntekt, investering, sparing og gjeld, men eg vil berre i liten grad prøve å forklare kvifor utviklinga er som den er.

Analysen er avgrensa til perioden 1992–2009. Denne perioden er valt fordi Hegrenes (1993a og 1993b) har analysert utviklinga i inntekt, investering, sparing og gjeld i perioden 1967–1991. Analysen er dessutan avgrensa til å sjå på gjennomsnitt for alle deltakarbruk i driftsgranskingane i jordbruket. Eg ser ikkje på utviklinga for enkelte driftsformer eller regionar.

Etter 2000 har jordbruksfrådraget vore viktig i inntektspolitikken overfor jordbruket. Jordbruksfrådraget er eit frådrag i skatt. I dette notatet er det ikkje teke omsyn til jordbruksfrådraget. Når ein reknar ut inntektseffekten av jordbruksfrådraget, kalkulerer ein kor mykje inntekta måtte ha auka for å gje same inntekt etter skatt som det ein har med jordbruksfrådrag. Dette vil seie at inntekt og skatt ville ha auka like mykje. For sparinga bør det då, i prinsipp, ikkje ha noko å seie at eg ikkje har teke omsyn til jordbruksfrådraget.

1.5 Oppbygging av notatet

Etter dette innleiande kapitelet er det tre kapittel. Metode og materiale er presentert i kapittel 2. Deretter vert resultatata presenterte i kapittel 3. Kapittel 4 inneheld ei nærare drøfting av resultatata og vert avslutta med ein konkluderande del.

2 Materiale og metode

2.1 Definisjonar og omgrep

Investering vil seie å skaffe «nye» eigedelar. Investering kan målast både brutto og netto. Bruttoinvestering vil her seie verdien av den gjenstanden eller finansobjektet som er skaffa. I driftsgranskingane er «nyanlegg» nytta om bruttoinvestering i fast realkapital. Nettoinvesteringa vil vere bruttoinvestering minus fråsal, avskrivning eller nedskrivning. I driftsgranskingane vert også investeringstilskot nytta til nedskrivning av verdiar slik at nettoinvesteringa er lik bruttoinvestering (nyanlegg) minus av- og nedskrivning og investeringsstilskot. Nettoinvestering vil også vere lik endring i verdi frå inngåande til utgåande balanse.

I dette notatet er sparing definert på to måtar:

- Endring i eigenkapital frå inngåande til utgåande balanse
- Nettoinntekt minus privatforbruk og skatt. Dette kan ein og kalle tilbakehalde overskot

Endring i eigenkapital vil vere endring i sum eigedelar frå inngåande til utgåande balanse minus endring i gjeld frå inngåande til utgåande balanse.

For at endring i eigenkapitalen skal vere lik nettoinntekt minus privatforbruk og skatt, må nettoinntekt omfatte både det som i driftsgranskingane er definert som nettoinntekt og nettobeløpet for verdiregulering. Verdiregulering vil kunne innehalde både innbetalingar og utbetalingar. Innbetaling kan vere slikt som barnetrygd, arv og gåver og lotterigevinstar. Utbetalingar kan vere gåver og tap på visse fordringar.

Endring i eigedelar omfattar alle eigedelar som er med i balansen.

Fleire definisjonar er tekne med i vedlegg 1.

2.2 Data

Materialet er henta frå driftsgranskingar i jord- og skogbruk, hovudsakleg for åra 1992–2009, men ved enkelte analysar er data for 1987–2009 nytta (NILF 1998–2010). I 1992 var det 1 033 deltakarbruk i driftsgranskingane. Talet på deltakarbruk er redusert til 848 i 2009. I tillegg var det med rekneskap for 39 samdrifter i mjølkeproduksjonen i 2009. Samdrifter i mjølkeproduksjonen er ikkje med i materialet som er nytta i denne analysen. Ei viktig årsak er at NILF ikkje har så fullstendig oversikt over inntekt og verdiar for samdrifter som for enkeltbruk. Dett gjeld spesielt inntekt og formue som ikkje gjeld jordbruk, og eigedelar og gjeld som høyrer til andre familiemedlemar enn dei som er aktive i samdrifta.

Gjennomsnittleg jordbruksareal i driftsgranskingane har auka frå 184 daa i 1992 til 306 daa i 2009, eller med 122 daa. Av denne auken var 44 daa eigd jord og 78 daa leigd jord. Dersom leigejorda hadde inngått i balansen, og verdien per dekar hadde vore lik gjennomsnittet for eigd jord, ville jordbrukskapitalen i utgåande balanse i 2009 auka med kr 253 700 for gjennomsnittsbruket. Dette omfattar jord, vegar og grøfter. Auken i leigejord frå 1992 til 2009 utgjer kr 172 000 etter verdien per dekar i 2009.

Leasing har fått betydeleg omfang i jordbruket, spesielt etter år 2000. Beløpet i nye kontraktar auka fram til 2006 då det var 1 582 mill. kr. Sidan har beløpet gått ned til 1 285 mill. kr i 2009 (Budsjettnemnda for jordbruket 2010, kapittel 5.3). Prinsippet for

føring av leasing har variert over tid i driftsgranskingane. Opphavleg førte ein leasing som avbetalingskjøp og balanseførte «investeringa». Ein del av den årlege leiga vart ført som avdrag på lån. Frå og med 2007 inngår leasingleige i posten maskinleige. Det vil seie at den årlege leiga er utgiftsført og «investeringa» er ikkje balanseført. Endringa i prinsipp vil påverke kostnader, resultatet, investering og balanseverdiar for jordbruket.

Bøndene kan til ein viss grad bestemme om dei vil kjøpe eller leige (og lease) utstyr. Kjøpt utstyr kan vere aktivert på jordbruket, men i stor grad vere nytta til å ta oppdrag for andre. Difor vil ikkje balansen fullt ut vise kor mykje realkapital som «ligg bak» jordbruksproduksjonen på det enkelte bruket. Om bøndene vel å kjøpe eller leige utstyr, kan endre seg over tid, og dette vil påverke tala for investering og balanseverdiar.

Ved jordbruksoppgjeret i 2000 vart det innført eit spesielt skattefrådrag for jordbruksinntekt. Frådraget er auka fleire gonger i seinare jordbruksoppgjer. Inntektseffekten av jordbruksfrådraget er ikkje inkludert i inntekta i denne analysen.

2.3 Metode

Fokus i dette arbeidet er på inntekt og bruk av inntekt og på endring i kapital i dei enkelte åra. Eg har lite fokus på balansen i seg sjølv. For å gje eit inntrykk av kapital situasjonen har eg likevel teke med tabell 2.1 som er ei oversikt over inngåande balanse i 1991 og utgåande balanse i 2009 for gjennomsnittsbuket i driftsgranskingane. Totale egedelar har auka med 2,5 mill. kr i denne perioden (nominelt), frå 1,6 mill. kr til 4,1 mill. kr, eller 156 prosent. Reelt har egedelane auka med om lag 80 prosent. Gjelda har auka med 1,2 mill. kr mens eigenkapitalen har auka med 1,3 mill. kr (nominelt).

Tabell 2.1 Balanseverdiar per 1.1.1992 og 31.12.2009. Gjennomsnitt deltakarbruk i driftsgranskingar i jord- og skogbruk, tusen kroner og prosent

Egedelar	01.01.1992			31.12.2009		Auke	
	1992-kr	2009-kr	%	2009-kr	%	Nominelt	2009-kr
Kontantar og bankinnskot	193,1	273,9	12,0	438,0	10,6	244,9	164,1
Andre krav	73,1	103,7	4,5	213,4	5,2	140,3	109,7
Jordbruk							
Omløpsmidlar*	110,1	156,1	6,8	129,6	3,1	19,5	-26,5
Buskap*	157,1	222,8	9,7	239,9	5,8	82,8	17,1
Jord, vegar, frukttré	147,9	209,8	9,2	421,3	10,2	273,4	211,5
Bygningar og vassanlegg	325,8	462,1	20,2	1 006,7	24,4	680,9	544,6
Maskinar og reiskap m.m.	194,4	275,7	12,1	402,4	9,7	208,0	126,7
Sum	935,3	1 326,7	58,7	2 199,9	53,2	1 264,6	873,2
Skogbruk	62,0	87,9	3,8	140,3	3,4	78,3	52,4
Tilleggs- og andre næringar	28,5	40,4	1,8	387,0	9,4	358,5	346,6
Hovudbygning og privat	320,4	454,5	19,9	755,5	18,3	435,1	301,0
Egedelar total	1 612,4	2 287,1	100,0	4 134,1	100,0	2 521,7	1 847,0
Eigenkapital og gjeld							
Gjeld	656,9	931,8	40,7	1 870,8	45,3	1 213,9	939,0
Eigenkapital	955,5	1 355,3	59,3	2 263,4	54,7	1 307,9	908,1
Sum	1 612,4	2 287,1	100,0	4 134,2	100,0	2 521,8	1 847,1

* Buskap omfattar all buskap, også slaktedyr som eigenleg er omløpsmidlar

Kjelde: NILF (1993, 2010) og egne utrekningar

Litt over halvparten av den totale balansen i 2009 var knytt til jordbruket. Vel 18 prosent var private egedelar. Resten var fordelt på skog, tilleggsnæring og andre næringer og kontantar og bankinnskot. Samla utgjorde omløpsmidlar 25 prosent og anleggsmidlar 75 prosent av egedelane. Nesten 55 prosent av egedelane var finansiert med eigenkapital og omtrent 45 prosent var lånefinansiert. Knappt 80 prosent av gjelda var langsiktig. Jordbrukets del av samla egedelar har gått med i perioden.

Det kan vere litt ulik avgrensing og fordeling mellom andre krav og tilleggsnæring og andre næringer i 1992 og 2009, men det har vore ein kraftig auke i balanseverdiane for det som er kalla «andre krav» og tilleggsnæringer og andre næringer. Til saman har verdien av desse auka frå 6,3 prosent til 14,6 prosent av sum egedelar frå 1992 til 2009. For egedelar i jordbruket har verdien av berre driftsbygningar og jord, vegar, frukttré og grøfter auka, målt som del av totale egedelar. Dei andre egedelane i jordbruket utgjør ein mindre del i 2009 enn i 1992.

Endringa i balansen frå 1992 til 2009 skuldast både endringar i dei enkelte åra og endringar ved avgang og tilgang på bruk.⁵ For at sparinga, målt som nettoinntekt minus privat forbruk og skatt, skal vere lik endring i eigenkapital, må ein måle endringar i egedelar og gjeld frå inngåande balanse til utgåande balanse same året. Endringar ved at nokre bruk går ut og andre kjem inn, kan ikkje vere med. Tabell 2.2 viser at endringa innan år utgjør ein større del for eigenkapital enn for gjeld og totalkapital. Utsifting av bruk betyr såleis mest for utviklinga i registrert gjeld.⁶ Årsaka kan vere at nye deltakarbruk har yngre brukar enn dei som går ut av materialet. Nye deltakarbruk er nærare overtakingstidspunkt enn dei som går ut. Verdien av anleggsmidlar kan vere oppjusterte i samband med eigedomsoverdraging. Resten av notatet fokuserer på endring innan år.

Tabell 2.2 Sum egedelar, eigenkapital og gjeld, gjennomsnitt for alle driftsgranskingsbruk 1992 og 2009, total endring og endring innan år på deltakarbruka. Tusen kroner, nominelle verdiar

	Per 1.1.1992	Per 31.12.2009	Endring	Sum endring innan år	Differanse
Gjeld	656,9	1 870,8	1 213,9	728,4	485,5
Eigenkapital	955,5	2 263,4	1 307,9	1 039,3	268,6
Sum egedelar	1 612,4	4 134,2	2 521,8	1 767,7	754,1

Kjelde: NILF (1993-2010) og egne utrekningar

Frå 1992 til 2009 har både spesielle prisar og det generelle prisnivået (pengeverdien) endra seg. Konsumprisindeksen, som er ein indikator for endring i pengeverdi, har auka med 41,9 prosent frå 1992 til 2009 (Statistisk sentralbyrå 2011). For enkelte jordbruksprodukt og innsatsfaktorar har det vore svak prisutvikling, mens det for andre varer har vore relativt sterk prisstiging. Til dømes auka investeringsprisindeksen for bygningar med 82 prosent frå 1992 til 2009 (Budsjettnemnda for jordbruket 2011a), mens prisindeksane for t.d. korn og kraftfôr var litt lågare i 2009 og 1992 (Budsjettnemnda for jordbruket 2011b). Det er eit spørsmål om og eventuelt korleis ein skal ta omsyn til endringane i pengeverdi og prisar når ein samanliknar rekneskapsresultat over eit tidsrom på 18 rekneskapsår. Det er fleire alternativ, mellom andre:

⁵ Det kan også vere korreksjonar frå utgåande balanse eit år til inngåande balanse neste år for enkelte bruk, men dette betyr totalt sett lite.

⁶ Tala for endringar innan år er baserte på utrekningane i kapittel 3.

- Å bruke rekneskapstala slik dei er utan noko korrigerering
- Å ta utgangspunkt i dei årlege rekneskapa, men korrigere for endring i pengeverdi
- Å utarbeide rekneskap der alle verdiar er korrigererte for generelle eller spesielle prisendringar

Å bruke rekneskapa slik dei er utan noko korrigerering er svært enkelt. Samanlikninga i tabell 2.2 er av denne typen. Di lenger periode ein ser på, og di større endringar i prisar og pengeverdi, di større grunn er det til å korrigere resultatata for endringar prisar eller pengeverdi.

Alternativet i andre kulepunktet vil seie at ein beheld dei årlege rekneskapa, men reknar om resultat til ein felles pengeverdi. Dette er ein enkel måte å korrigere på.

Alternativet i tredje kulepunktet er langt meir omfattande. For pengepostar (til dømes kontantar, bankinnskot, krav og gjeld) vil ei omrekning til fast pengeverdi vere enkel. For andre postar vil omarbeidinga vere svært omfattande. Ein må mellom anna ha informasjon om investeringar og prisendringar i ein periode som minst er lik avskrivingstida på dei mest varige egedelane, eventuelt tilbake til siste eigedomsoverdraging. Ved den mest omfattande endringa, må ein i prinsipp utarbeide ein ny rekneskap for alle åra.

Alternativet i tredje kulepunktet er det teoretisk beste, men det er ikkje tilstrekkeleg informasjon til å revidere rekneskapane i ettertid.

Eg har valt å nytte alternativet i kulepunkt 2. Innafor kvart år har eg nytta tala slik dei er. Tala for kvart år er så rekna om til pengeverdien i 2009 ved hjelp av konsumprisindeksen (Statistisk sentralbyrå 2011). Dette er såleis ei pengeverdijustering av nominelle rekneskap basert på historisk kost.

Renteutgifter er ikkje fordelte på dei enkelte næringsgreiner.

Utviklinga er i stor grad vist ved figurar og i noko mon ved tabellar. I tillegg er det nytta regresjonsanalyse for å vise gjennomsnittlege, årlege endringar. Ein del stader har eg valt å ta med formelen for regresjonslinja med enkelte, statistiske parametrar i tillegg. For andre og mindre sentrale resultat, har eg valt berre å omtale sjølve trendkoeffisienten.


3 Utvikling i inntekt, investering og sparing

3.1 Inntekt og sparing

3.1.1 Utvikling i inntekt og inntektssamansetjing

Frå 1992 til 2009 auka nettoinntekta⁷ for jordbruksfamiliane i driftsgranskingane frå knapt kr 500 000 til ca. kr 700 000 rekna i 2009-kroner, sjå figur 3.1. I gjennomsnitt, utrekna med lineær regresjon, auka nettoinntekta med kr 15 252 per år. Storparten av auken (kr 14 138) kom frå andre kjelder enn jordbruk. For driftsoverskot i jordbruket var den trendmessige auken på kr 1 114 per år.

Figur 3.1 viser at driftsoverskotet i jordbruket var høgast i starten og slutten på perioden og at det i mange mellomliggende år var lågare. Driftsoverskotet var spesielt lågt i 1999. Dette hadde samanheng med auka kostnader i høve til åra før og at kornavlingar og prisane på mjølk og kjøt var låge samanlikna med åra før og etter (Nersten 2001 kap. 6.4).




Figur 3.1 Utvikling i nettoinntekt 1992–2009 og fordeling på driftsoverskot i jordbruk og andre inntekter. Faste 2009-kroner

⁷ Nettoinntekt omfattar her også dei postane som i driftsgranskingane er rekna som verdiregulering, sjå definisjonar og forklaringar i vedlegg 1. Driftsoverskot i skogbruket, som inngår i nettoinntekt, er det «faktiske» overskotet i rekneskapsåret og ikkje eit femårs gjennomsnitt slik som i skatterekneskap.

3.1.2 Sparing som del av inntekt

Sparinga er her definert som nettoinntekt minus privat forbruk og skatt. Skatt er netto betalt skatt i året. Det vil seie forskotsbetalt skatt og skattetrekk korrigert for restskatt eller tilbakebetalt skatt. Beløpet er såleis ikkje lik utlikna skatt på årets inntekt. Sparinga er den delen av nettoinntekta som ikkje er brukt i løpet av året. Sparinga kan og definerast som endring i eigenkapital frå inngåande til utgåande balanse. For at dei to måtane å definere og måle sparing på skal gje same resultat, må nettoinntekta inkludere netto mottekne midlar som ikkje går inn i det som er kalla nettoinntekt i driftsgranskningane, men går under verdiregulering.

Figur 3.2 viser nettoinntekt og korleis denne er brukt til privatforbruk, skatt og sparing. Figuren viser at utviklinga i forbruk og skatt er jamnare enn utviklinga i nettoinntekt og sparing.



Figur 3.2 Totalinntekt (nettoinntekt), forbruk, skatt og sparing, 1992–2009, 2009-kroner

Den trendmessige utviklinga kan beskrivast med følgjande likningar (tala i parentes er standardavvik på koeffisientane):⁸

Nettoinntekt	$Y_I = 432509 + 15252T$	$R^2\text{-just} = 0,86$
	$(14757) \quad (1482)$	
Forbruk	$Y_F = 275621 + 8960T$	$R^2\text{-just} = 0,96$
	$(4285) \quad (430)$	
Skatt	$Y_T = 125210 + 2235T$	$R^2\text{-just} = 0,87$
	$(2101) \quad (211)$	
Sparing	$Y_S = 31625 + 4061T$	$R^2\text{-just} = 0,37$
	$(11829) \quad (1188)$	

⁸ I alle regresjonsutrekningar er n = 18.

R^2 -just er eit mål på kor godt modellen forklarar variasjonen i Y . T er årstal, og $T=0$ for 1992. Summen av koeffisientane for forbruk, skatt og sparing skal vere lik koeffisientane for nettoinntekt. Dei små avvika skuldast avrunding (til næraste 100 kroner) på grunnlagsdata. Forbruk og skatt aukar jamnare enn inntekt og spesielt sparing. I gjennomsnitt har nesten ein firedel av auken i inntekt gått til sparing.

Sparerate vil seie sparing i prosent av nettoinntekt eller disponibel inntekt (nettoinntekt minus skatt). Fordi sparinga har vore positiv alle åra i perioden 1992–2009 er også sparingraten positiv (figur 3.3). Sparerate I (sparing i prosent av nettoinntekt) har variert mellom 1,4 prosent (1999) og knapt 20 prosent (2007). Sparerate II, som er rekna av disponibel inntekt (nettoinntekt minus skatt), viser (nødvendigvis) større sparingrate, mellom ca. 2 prosent og 25 prosent.

Figur 3.3 tyder på at sparingraten minka i 1990-åra og auka dei siste ti åra sjølv om det har vore nedgang dei to siste åra.

For å få meir innsikt i utvikling i forbruk og inntekt har eg rekna forbruk (Y_F) som funksjon av disponibel inntekt (DI) og eit trendledd (T):


$$Y_{FT} = 207784 + 0,221DI_T + 6086T \quad R^2\text{-just} = 0,983$$

(15211) (0,049) (694)

R^2 -just er forklaringsgrad.

Likninga viser at forbruket har eit ledd på nesten kr 208 000 som er uavhengig av år. Forbruket har auka med meir enn kr 6 000 per år (ved gitt disponibel inntekt). Forbruket aukar med kr 0,221 dersom disponibel inntekt aukar med ei krone i eit gitt år. Koeffisienten for disponibel inntekt er ein enkel illustrasjon på låg «konsumtilbøyelighet».

Fordi disponibel inntekt er lik forbruk pluss sparing, vil ei likning med sparing som avhengig variabel ha ein regresjonskoeffisient for disponibel inntekt på $1 - 0,221 = 0,779$. Konstantleddet og koeffisienten for år vil vere dei same som i likninga for forbruk, men med negativt forteikn.




Figur 3.3 Sparing i prosent av nettoinntekt (sparerate I) og i prosent av nettoinntekt minus skatt (sparerate II), 1992–2009

3.1.3 Sjølvfinansiering

Sjølvfinansiering er her definert som sparing pluss avskrivningar, eller totalinntekt (nettoinntekt medrekna netto kapitalregulering) pluss avskrivningar minus privatforbruk og skatt. Sjølvfinansieringa viser kor mykje av årets inntekt som er disponibelt for eigenfinansiering av investeringar. Disponibelt beløp er nytta på ein eller annan måte. Det kan vere til avdrag på lån, bankinnskot, auke i kontantar, eller realinvestering. Difor kan ein seie at sjølvfinansieringa viser kva som er brukt til investering av årets inntekt. Fordi sjølvfinansieringa er målt før avskrivningar, er ikkje dette målet så påverka av endringar i pris- og pengeverdi som det nettoinntekt og sparing er.

Figur 3.4 viser at sjølvfinansieringa var mellom 150 000 kr og 200 000 kr frå 1992 til 2003, unntateke 1999. Frå og med år 2004 har sjølvfinansieringa vore over 200 000 kr kvart år så nær som i 2006. Sjølvfinansieringa var spesielt stor i 2007 og 2008.

At sjølvfinansieringa skal vere større enn avdrag på langsiktige lån har vore sett som eit minimumskrav (Hegrenes og Sandberg 1992 s. 19). Utviklinga i avdrag på langsiktige lån er vist i Figur 3.4. Dei relativt store endringane etter 2002 kan ha samanheng med aukande omfang av leasing og endra praksis for å føre leasingkostnader, sjå kapittel 2.2. Når ein tek omsyn til dette, ser det ut til at sjølvfinansieringsevna ikkje er vesentleg endra over tid, men med ein viss auke dei siste åra.



Figur 3.4 Sjølvfinansiering og avdrag på langsiktig gjeld (LG) 1992–2009. Tusen 2009-kroner

3.2 Utvikling i investeringar og samansetjing av investeringar

3.2.1 Jordbruk


Utvikling i investeringar i jordbruket er vist i figur 3.5. Endring i buskap og varelager er skilt ut som eiga gruppe fordi ein for denne gruppa ikkje kan snakke om nyanlegg, avskrivningar og sal og tilskot slik vi kan for andre grupper. Endringane i buskapsverdi og varelager har dei fleste åra vore nær null.

Først i perioden var det meir i nyanlegg for maskinar og reiskap enn for driftsbygningar. Sist i perioden har det vore motsett. Dei siste åra har også kjøp av mjølkekvote

og jord utgjort relativt store beløp samanlikna med tidlegare. Posten sal/tilskot er i hovudsak sal for maskinar og reiskap og tilskot for driftsbygningar. Som uttrykk for den kapitalen som verkeleg er på bruket og produksjonskapasitet, er det tvilsamt om det er rett å trekkje frå tilskot. Derimot kan det i ein privat- eller driftsøkonomisk analyse vere rett å trekke frå tilskot slik at ein ikkje reknar avskrivning og rentekrav på den delen av kapitalen som er finansiert med ei form for gåve frå staten.

Avskrivningane er rekna etter historisk kost i dei årlege rekneskapa. I tider med generell og spesiell prisstiging vil då avskrivningane vere rekna i fleire målestokkar. Bokførde avskrivningar vil vere mindre enn det dei ville ha vore om ein hadde lagt prisnivået i rekneskapsåret til grunn. Ein kan hevde at historisk kost undervurderer det faktiske kapitalslitet. Denne undervurderinga er større for driftsbygningar enn for maskinar og reiskap både fordi avskrivningstida er lengre og fordi prisstiginga har vore større for bygningar enn for maskinar og reiskap. Nettoinvesteringa vert overvurdert like mykje som avskrivningane vert undervurderte.

Nettoinvesteringane i jordbruk var låge fram til 2002. Deretter har nettoinvesteringa auka og var i 2008 og 2009 nær kr 150 000 per år. Hovudtendensen er nok rett sjølv om nivået på avskrivningane er undervurdert og nivået på nettoinvesteringa er overvurdert.




Figur 3.5 Nyanlegg, avskrivning, sal og tilskot i jordbruket 1992–2009. 2009-kroner

3.2.2 Investeringar i skogbruk, tilleggsnæringar og andre næringar

Andre næringar omfattar både tilleggsnæringar og andre næringar. Investering i aksjar og verdipapir vil og vere i denne gruppa. Nettotilvekst i skog er ikkje med i investeringa under skogen.

Nyanlegg og nettoinvestering var på lågt nivå (samanlikna med åra etterpå) i 1992 og auka etterpå, men med betydeleg variasjon frå år til år (figur 3.6). I gjennomsnitt har nyanlegget auka med kr 1 277 per år og nettoinvesteringa med kr 821 per år frå 1992 til 2009 (trend).




Figur 3.6 Nyanlegg, avskrivingar, sal og tilskot og nettoinvestering i skogbruk, tilleggsnæring og andre næringar, 1992–2009, 2009-kroner

3.2.3 Privat og omløpsmidlar

Privat og omløpsmidlar vil her seie alt som ikkje er knytt til ei av næringsgreinene som er omtala ovanfor. Private er slikt som våningshus og privatbil m.m. Omløpsmidlar omfattar ikkje buskap og varelager i jordbruket, men varelager i skogbruk, tilleggsnæring og andre næringar er med her. Bankinnskot er ein viktig post under omløpsmidlar.


Private nyanlegg har auka relativt jamt frå år til år. Den gjennomsnittlege auken var kr 2 211 per år. Avskrivingar auka med kr 995 per år, og sal auka med kr 191 per år (trend). Auken i omløpsmidlar har vore meir ujamn, men med ein trendmessig auke på kr 2 941 per år. Totalt sett har desse postane hatt ein auke på kr 3 967 per år i gjennomsnitt. Figur 3.7 viser nær samanheng mellom endring i omløpsmidlar og private nettoinvesteringar, spesielt etter 1997.



Figur 3.7 Nyanlegg, avskrivningar og sal i private egedelar, endring i omløpsmidlar (utanom jordbruk), 1992–2009. 2009-kroner

3.2.4 Totale investeringar

Dei utviklingstrekk som er omtalte i kapittel 3.2.1–3.2.3 er summerte i figur 3.8. I alle åra har sum egedelar i utgåande balanse vore større enn sum egedelar i inngåande balanse. Den total nettoinvesteringa har auka frå litt over null i 1992 til over to hundre tusen kroner frå og med 2007.



Figur 3.8 Nyanlegg, avskrivning, sal og tilskot, endring i buskapsverdi og omløpsmidlar totalt for brukarfamilien, 1992–2009. 2009-kroner


Jordbruk hadde negativ nettoinvestering i tre år i perioden 1992–2009 (1992, 1994 og 1999). I alle så nær som to år (2008 og 2009) har det vore større nettoinvestering i privat og omløpsmidlar (utanfor jordbruket) enn i jordbruk (Tabell 3.1). Dette illustrerer at ein bør sjå på heile balansen for å vurdere den finansielle situasjonen. Endring i sum egedelar kan vere sterkt påverka av anna enn investeringar i jordbruket.

Tabell 3.1 Samansetjing av endring i egedelar, 1992–2009. Prosent

År	Jordbruk	Andre næringer	Privat og omløpsmidlar	Totalt
2009	60,5	8,7	30,8	100,0
2008	60,2	10,5	29,3	100,0
2007	41,0	4,0	55,0	100,0
2006	40,3	8,3	51,4	100,0
2005	39,5	7,1	53,4	100,0
2004	30,4	11,9	57,6	100,0
2003	36,8	14,0	49,2	100,0
2002	20,0	6,9	73,2	100,0
2001	32,9	17,9	49,2	100,0
2000	19,1	13,1	67,8	100,0
1999	-22,0	17,4	104,7	100,0
1998	29,6	5,3	65,1	100,0
1997	38,1	16,5	45,4	100,0
1996	21,6	17,4	61,0	100,0
1995	18,3	20,4	61,3	100,0
1994	-72,9	28,8	144,1	100,0
1993	24,8	8,5	66,7	100,0
1992	-137,1	27,0	210,1	100,0
Uvege gjennomsnitt	15,6	13,5	70,8	100,0

3.3 Gjeld og sparing

I kapittel 3.2 er vist korleis bokført totalverdi har endra seg og korleis endringa er fordelt på næringsgreiner og typar av egedelar. Figur 3.9 viser endring i sum egedelar saman med endring i gjeld og eigenkapital. I 1992–1994 minka gjelda slik at endringa i eigenkapital (sparinga) var større enn endringa i total verdi. I åra etterpå har både gjeld og eigenkapital auka. Gjelda har auka meir enn eigenkapitalen (EK) i fem av dei atten åra som er med i figuren (1999, 2001, 2005, 2006 og 2009). I åra 1992–2003 auka EK med rundt kr 50 000 per år. Seinare har auken vore større, med unnatak for 2006.



Figur 3.9 Endring i sum egedelar, gjeld og egenkapital (EK), 1992–2009. 2009-kroner

Trenden på endringane har vore som vist i følgjande regresjonslikningar:

$$\text{Endring i gjeld } (Y_G): Y_G = -32008 + 8831T \quad R^2\text{-just} = 0,87$$

(7313) (734)

$$\text{Endring EK } (Y_{EK}): Y_{EK} = 31821 + 4030T \quad R^2\text{-just} = 0,38$$

(11789) (1184)

$$\text{Endring i verdi } (Y_V): Y_V = -187 + 12861T \quad R^2\text{-just} = 0,87$$

(11696) (1174)

der T angir år ($T=0$ for år 1992). Tala i parentes er standardavvik på koeffisientane. R^2 -just er eit uttrykk for kor stor variasjonen er rundt trenden. Det er endringa i EK som i minst grad følgjer ein lineær trend.


Summen av koeffisientane for gjeld og egenkapital er lik koeffisientane for total verdi.

For heile materialet har gjeldsprosenten auka frå 40,7 i inngåande balanse i 1992 til 45,2 i utgåande balanse i 2009. Frå kapittel 2.3 veit vi at omtrent 40 prosent av gjeldsauken har samanheng med utskifting av bruk og resten er endringar frå inngåande til utgåande balanse på deltakarbruka. Dette betyr at ein stor del av gjeldsauken ikkje har direkte samanheng med det som er målt som investeringar i dei årlege rekneskapa.

3.3.1 Real- og finansinvestering

Sparinga kan ein dele i realinvestering og finansinvestering. Finansinvesteringa er endring i finansielle egedelar minus endring i gjeld. I åra 1992–1994 var finansinvesteringa større enn realinvesteringa (figur 3.10). Gjelda minka desse åra. I alle seinare år har realinvesteringa vore større enn finansinvesteringa. Tendensen er at realinvesteringa har auka, mens finansinvesteringa har minka. At finansinvesteringa minkar betyr at gjelda har auka meir enn dei finansielle egedelane (kontantar, bankinnskot, krav, aksjar).

Vi må kunne rekne med at det ikkje er dei same brukarane som står for realinvesteringane og finansinvesteringane. Dei som har finansinvesteringar, kan ha gjort investeringar tidlegare og betaler ned på gjeld. Kven som gjer finansinvesteringar og kven som gjer realinvesteringar, kan ein berre finne ut av ved å analysere data for enkeltbruk.




Figur 3.10 Real- og finansinvestering, 1992–2009, 2009-kroner

3.3.2 Betalte gjeldsrenter


Frå 1982 til 1992 var den nominelle rentefoten på lånt kapital i jordbruket over 10 prosent, mens realrenta (nominell rente minus pristiging) var høgast i åra 1989–1992 og var då over 7 prosent per år. (Budsjettnemnda for jordbruket 2011c og 2011d). Både før og etterpå var rentefoten lågare.

Figur 3.11 viser utviklinga i betalte gjeldsrenter og kår i gjennomsnitt for kvart år i perioden 1987–2009. Perioden er utvida i høve til det som elles brukt i dette notatet, for å illustrere effekten av at gjeldsrentene var høgare i 1980-åra enn seinare. I nominelle kroner varierte betalte gjeldsrenter mellom knapt 40 000 kroner og vel 60 000 kroner per år fram til 2006. I 2007–2009 var beløpet større. Rekna i faste 2009-kroner utgjorde gjeldsrenter og kår omtrent 100 000 kroner per år før 1990, og var på nivå med 2008.

Som vist fleire gonger ovanfor har både gjeld og inntekt auka frå 1992 til 2009. I 1987 utgjorde gjeldsrenter og kår om lag 20 prosent av nettoinntekt pluss gjeldsrenter og kår. Fram til 1995 minka dette til ca. 10 prosent, og gjeldsrenter og kår har lege på dette nivået i seinare år, men med noko variasjon. Dette indikerer at for gjennomsnittsbrukaren var gjelda tyngre i 1980-åra enn seinare. I 1980-åra hadde relativt mange utbyggingsbruk økonomiske problem (Nergaard 1988 og 1989).



Figur 3.11 Betalte gjeldsrenter og kår, 1987–2009, nominelle kroner og 2009-kroner



Figur 3.12 Gjeldsrenter og kår i prosent av nettoinntekt pluss gjeldsrenter og kår, 1987–2009

4 Drøfting og konklusjon

4.1 Drøfting

I dette notatet har vi sett på følgjande spørsmål:

- Kor mykje er investert i eigedelar i jordbruket og andre eigedelar, og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor stor del av den årlege nettoinntekta har vorte spart, og korleis har dette endra seg over tid?
- Korleis har investeringane vore finansierte, og korleis har dette endra seg over tid?
- Kor mykje er betalt i gjeldsrenter i dei enkelte åra, og korleis har dette endra seg over tid?

Gjennomsnittstal for alle bruk i driftsgranskingane er brukte for å illustrere utviklinga i inntekt og sparing, investering og finansiering. Gjennomsnittstal kan vise generelle trekk, men kan skjule store skilnader mellom bruk (hushald).

Driftsgranskingane er baserte på historisk kost. Dette betyr mellom anna at det ikkje er nokon korreksjon av verdsetjing og avskrivningar for generell eller spesiell prisendring. Til dømes vert jord ståande i balansen med den verdien som vart sett ved overtaking eller dyrking. Avskrivningar vert heller ikkje korrigererte. Valet av rekneskapsprinsipp vil ha noko å seie for kor stor nettoinntekt og nettoinvestering ein måler. I dette notatet er dei årlege rekneskapa justerte for generell prisstiging, mål ved konsumprisindeksen.

Sparing er i dette notatet definert som endring i eigenkapital frå inngåande til utgåande balanse. Dette vil vere lik nettoinntekt, inkludert netto verdiregulering, minus privatforbruk og skatt.

Sett over tid vil gjennomsnittet for balanseverdier i driftsgranskingsmaterialet endre seg både på grunn av det som skjer på dei enkelte bruka i kvart rekneskapsår, og ved avgang og tilgang på bruk. I samband med analyse av sparing er det berre det som skjer i rekneskapsåret som har interesse.

Fram til og med 1995 auka sum eigedelar med mindre enn kr 50 000 per år, rekna i 2009-kroner. Seinare har dette auka, slik at dei tre siste åra (2007–2009) har sum eigedelar auka med meir enn kr 200 000 per år. I gjennomsnitt (trend) har auken i verdien av eigedelar auka med knapt kr 12 900 per år. Jordbruket sin del av samla bokførte verdier har minka. Dette er framhald av utviklinga i perioden 1967–1991.

Dei første åra (1992–1994) minka gjelda, men dei siste åra har gjelda auka med over kr 100 000 per år. Eigenkapitalen auka med rundt kr 50 000 per år fram til 2003. Seinare har auken vore større.

I driftsgranskingane har driftsoverskot i jordbruket utgjort ein minkande del av nettoinntekta for gjennomsnittshushaldet. Spesielt lønsinntekter har auka. Eigedelar i jordbruket utgjorde ein mindre del av totale eigedelar i 2009 enn i 1992. Også når ein ser på nettoinvesteringar (endring av bokført verdi på alle eigedelar frå inngåande til utgåande balanse), har andre eigedelar enn jordbruk utgjort den største delen dei fleste åra.

Spareraten har vore mellom 0 og 20 prosent i perioden 1992–2009. Spareraten (rekna av nettoinntekt) var over 15 prosent i tre år (1993, 2007 og 2008). I åra 1967–1991 var sparingen over 15 prosent i alle så nær som i 1991 (Hegrenes 1993a, figur 2). Spareraten i norske hushald var mellom ca. 4 og 13 prosent i åra 2000–2009 (Statistisk sent-

ralbyrå 2010b s. 99). I dette spareomgrepet er varige konsumgode rekna som investering og inkludert i sparinga. Dette spareomgrepet bør vere relativt nær det som ligg til grunn for utrekning av sparerate II i figur 3.3. Dette tyder på at norske landbrukshushald sparer ein større del av inntekta enn det andre norske hushald gjer. Samanlikninga er likevel ikkje lett fordi hushaldsdata for landbrukshushald inkluderer både næringsaktivitet og privatøkonomi. Måleproblema for næringsinntekt gjer likevel at ei direkte samanlikning er vanskeleg.

Den marginale konsumraten har vore ca. 22 prosent, mens den marginale spareraten har vore ca. 78 prosent. Det vil seie at forbruket varierer mindre enn nettoinntekta. Variasjon i inntekt betyr først og fremst at sparinga varierer. Rett nok er dette basert på gjennomsnittstal for alle bruk i driftsgranskingane, men det stemmer god overeins med det mange andre har funne tidlegare for enkeltbruk (Sand 2001).

Resultata tyder og på at ved ei gitt nettoinntekt har forbruket auka og sparinga minka over tid. Dette er som i Hegrenes (1993a) og Sand (2001). I dette arbeidet har eg ikkje forsøkt å forklare denne utviklinga. Andre analysar tyder på at forbruket er større (og sparinga mindre) for ei sikker inntekt enn for ei usikker inntekt (Jensen og Pope 2004, Sand 2001, Carriker et al. 1993), og at ein mindre del av ei marginal endring av jordbruksinntekt enn til dømes lønsinntekt vert forbrukt (Sand 2001). Utviklinga som vi har funne i dette notatet, er såleis i samsvar med endring i inntektssamansetjinga i driftsgranskingane; driftsoverskot frå jordbruket, som er oppfatta som ei variabel (usikker) inntekt, har variert rundt eit omtrent stabilt gjennomsnitt, mens andre inntekter har auka og variert mindre.

Sparinga har auka frå 1992 til 2009, men verdien av eigedelar har auka enda meir slik at både gjelda og gjeldsprosenten har auka.

Rentefoten på lån var betydeleg større i store delar av 1980-åra enn seinare. Betalte gjeldsrenter og kår utgjorde omtrent dobbel så stor del av nettoinntekt pluss gjeldsrenter og kår i slutten av 1980-åra som seinare. Sjølv om gjelda har auka, både absolutt og i høve til verdien av all eigedelar, har det neppe vorte vanskelegare å betale renter og avdrag for den «gjennomsnittlege» gardbrukaren. Dette betyr ikkje at ingen har betalingsproblem. Gjeldsauken betyr og at ein eventuelle renteauke vil slå sterkare ut for gjennomsnittsbonden enn om gjeldsprosenten hadde vore uendra, men effekten er avhengig av kor stor inntekt den gjeldsfinansierte investeringa gir.

Denne analysen viser at når ein analyserer utvikling i investeringar, verdiar og gjeld, bør ein legge minst like stor vekt på investeringar i anna enn varige driftsmiddel i jordbruket.

4.2 Mogeleg utviding av analysane

Gjennomsnittstal kan skjule store skilnader mellom bruk. Dei fleste bruka investerer ikkje like mykje kvart år. Investering i driftsbygning skjer med mange års mellomrom på dei fleste bruka. I nokre år kan det vere realinvestering, mens andre år er det finansinvestering. Det vil og seie at nokre bruk står for realinvesteringane, mens andre bruk betalar ned på gjeld og har finansinvestering. Gjeldssituasjonen varierer og sterkt mellom bruk, frå dei som nesten ikkje har gjeld til dei som har meir gjeld enn bokførte verdiar (Liahagen 2004). Ved å bruke enkeltbruksdata for eitt eller fleire år kan ein analysere skilnader mellom bruk. Det vil også vere interessant å følgje same bruk over fleire år (paneldataanalyse). Oppfølging av den analysen Sand (2001) gjorde, vil vere ein moglege analyse.

Investering kan vere eit uttrykk for framtidstru. Det vil og vere interessant å analysere investeringar for landsdelar, driftsformer og storleiksgrupper for å sjå om det er indi-

kasjonar på skilnader i framtidstru. Det kunne og vore interessant å sjå på samanhengar mellom investering og alder på brukar og andre sosioøkonomiske faktorar.

Nytt utstyr er ofte meir effektivt enn eldre utstyr. Investering i bygningar og maskinar kan påverke trongen for arbeidskraft og produktiviteten i produksjonen. Ei mogeleg utviding er å analysere produktivitetutvikling for dei som investerer mykje og dei ikkje investerer lite eller ingenting i varig produksjonsutstyr.

4.3 Konklusjon

Utviklinga i eigedelar, gjeld og eigenkapital i driftsgranskingsmaterialet er påverka av to forhold: (1) utviklinga på rekneskapsbruka, og (2) endringar ved at nokre bruk går ut og andre kjem inn i materialet (utskifting av bruk). Utskifting av bruk har meir å seie for utviklinga i gjeld enn for utviklinga i eigedelar og eigenkapital.

Investeringane har auka frå 1992 til 2009. Dette gjeld jordbruket, men i enda større grad andre eigedelar. Dette har medverka til at jordbruket sin del av samla eigedelar har gått ned. Det er først og fremst verdien av private eigedelar (t.d. våningshus og privatbil) og omløpsmidlar utan jordbruket som har auka. Tidlegare vart leasing ført som avbetalingskjøp, mens leasing no er ført som det det eigenleg er. Dette talar for at utviklinga i kapitalmengde i jordbruket er undervurdert.

Ved ei gitt inntekt har forbruket auka og sparinga minka. Forbruket har likevel vore relativt stabilt frå til år, mens sparinga var meir variabel. Spareraten har variert frå år til år, men det ser ut til at sparingen gjekk ned i 1990-åra og har auka dei siste ti åra.

Sjølv om det har vore ei betydeleg sjølvfinansiering (sparing pluss avskrivningar), har eigenkapitalprosenten minka.

Gjennom den undersøkte perioden har realinvesteringane auka og finansinvesteringane (endring i finanseigedelar minus endring gjeld) har minka.

Lånerenta var betydeleg høgare i 1980-åra enn seinare. Sjølv om gjelda har auka, har ikkje realverdien av betalte gjeldsrenter auka sidan 1980-åra, og gjeldsrenter (og kår) utgjør ein mindre del av inntekta (nettoinntekt før gjeldsrenter) no enn for om lag 20 år sidan. Auka gjeld og spesielt auka gjeldsprosent gjer likevel at mange kan få auka betalingsproblem dersom rentefoten skulle gå vesentleg opp frå det relativt låge nivået som er no.

Referansar

- Barry, P.J. og L.J. Robison (2001). Agricultural finance: Credit, credit constraints, and consequences. I: Gardner, B.L. og G.C. Rausser (red.) 2001: *Handbook of Agricultural Economics, Volume 1A Agricultural Production*. Kapittel 10 (s. 514–571). Elsevier.
- Barry, P.J. og P.N. Ellinger (2010). *Financial Management in Agriculture*. Seventh Edition. Prentice Hall.
- Browning, M. og A. Lusardi (1996). Household saving: Micro Theories and Micro Facts. *Journal of Economic Literature*, 34(4): 1797–1855.
- Budsjettnemnda for jordbruket (2010). *Totalkalkylen for jordbruket. Jordbrukets totalregnskap for 2008 og 2009. Budsjett for 2010*. Avgitt juni 2010.
- Budsjettnemnda for jordbruket (2011a). *Totalkalkylen. Bruttoinvest. Faste prisar*. <http://www.nilf.no/statistikk/totalkalkylen/2011/NNposter/Totalkalkylen-Post3400-Bygningar>.
- Budsjettnemnda for jordbruket (2011b). *Volum- og prisindeksar for jordbruket*. Avgitt juni 2011. <http://www.nilf.no/statistikk/Volum-og-prisindeksar/Volum-og-prisindeksar>.
- Budsjettnemnda for jordbruket (2011c). *Rentekostnader på lånt kapital*. http://www.nilf.no/statistikk/totalkalkylen/2011/NNposter/Totalkalkylen-Post261I-Rentekostnader_lant_kapital.
- Budsjettnemnda for jordbruket (2011d). *Realrente lånt kapital*. http://www.nilf.no/statistikk/totalkalkylen/2011/NNposter/Totalkalkylen-Post261K-Realrente_lant_kapital.
- Carriker, G.L., M.R. Langemeier, T.C. Schroeder og A.M. Featherstone (1993). Propensity to Consume Farm Family Disposable Income from Separate Sources. *American Journal of Agricultural Economics*, 75 (August): 739–744.
- Dedah, C. og A.K. Mishra (2009a). Permanent Income and the Importance of Precautionary Savings: An Instrumental Variable Approach. <http://purl.umn.edu/49522>
- Dedah, C. og A.K. Mishra (2009b). Precautionary Wealth among U.S Farm Households. <http://purl.umn.edu/46606>.
- Hegrenes, A. (1993a). Sparing i landbrukshushald. *Landbruksøkonomisk forum* nr. 2/93 s. 67–77.
- Hegrenes, A. (1993b). Investerings- og gjeldsutvikling i jordbruket. I: Informasjonsmøte i landbruksøkonomi, Norges landbrukshøgskole 12. og 13. oktober 1993. Faginfo Nr. 23 1993. Statens fagtjeneste for landbruket. S. 169–179.
- Hegrenes, A. (2010). *Produktivitetsutvikling i norsk jordbruk 1990-2009. Analyse basert på jordbrukets totalrekneskap*. Notat 2010-14. NILF.
- Hegrenes, A. og J.H. Sandberg (1992). *Nøkkeltal for rekneskapsanalyse og planlegging i landbruket*. Rapport C-012-92. NILF.
- Jensen, F.E. og R.D. Pope (2004). Agricultural Precautionary Wealth. *Journal of Agricultural and Resource Economics*, 29(1): 17–30.
- Liahagen, U.R. (2004). *Den finansielle strukturen i landbruket*. Masteroppgave ved Norges landbrukshøgskole, Institutt for økonomi og ressursforvaltning. Ås.
- Maddon, B.J. & L.R. Malcolm (1996). Deciding on the worth of agricultural land. *Review of Marketing and Agricultural Economics*, 64: 152–163.

- Nergaard, M. (1988). *Utbyggingsbruk med økonomiske problemer*. Forskningsmelding A-006-88. NILF.
- Nergaard, M. (1989). *Lønnsomhet og likviditet på utbyggingsbruk*. Forskningsmelding A-010-89. NILF.
- Nersten, N.K. (red.) (1999). *Utsyn over norsk jordbruk. Tilstand og utviklingstrekk 2001*. NILF.
- NILF (1988–2010). *Driftsgranskingar i jord- og skogbruk*. Årleg publikasjon for åra 1987–2009.
- Sand, R. (2001). *Sparing i landbrukshusholdninger*. NILF-rapport 2001-8.
- Statistisk sentralbyrå (2010a). Landbruksundersøkinga 2009. Førrelse tal. Auke i investeringane i jordbruket. <http://www.ssb.no/lu/>. Sett 22.02.2011.
- Statistisk sentralbyrå (2010b). Økonomisk utsyn over året 2009. Økonomiske analyser 1/2010.
- Statistisk sentralbyrå (2011). Konsumprisindeksen fra 1865. <http://www.ssb.no/kpi/tab-01.html>. Sett 7.2.2011.

Vedlegg – Sentrale omgrep

Nedanfor er ei forklaring på enkelte ord og uttrykk som er brukte i dette notatet. Forklaringane skal stemme overeins med bruken i driftsgranskingane i jord- og skogbruk (sjå NILF 2010).

Anleggsmidlar: Egedelar som er meint til varig eige eller bruk. Anleggsmidlar har ei funksjonstid i føretaket på meir enn eitt år.

Avskrivning: Planmessig fordeling av verdinedgang for egedelar over venta levetid. I driftsgranskingane er det nytta lineære avskrivningar slik at den nominelle avskrivninga vert like stor kvart år i avskrivingsperioden.

Bruttoinvestering: Anskaffing av kapital, oftast brukt om realkapital og meir spesifisert anleggsmidlar.

Driftsoverskot: Produksjonsinntekter minus alle andre kostnader enn verdi av brukarfamiliens arbeid og rentekostnader. Driftsoverskotet er godtgjering til familiens arbeidsinnsats og forrenting av all kapital.

Eigenkapital: Sum bokført kapital minus gjeld

Finansinvestering (finansiell investering): Investering i finanskapital som bankinnskot og verdipapir

Gjeld: Beløp som ein skuldar andre.

Investeringstilskot: Tilskot frå det offentlege (vanlegvis staten) i samband med investering (i realkapital)

Krav: Beløp som ein har krav på å motta frå andre.

Nettoinntekt: Summen av driftsoverskot frå all næringsaktivitet, pluss løsinntekter, pensjonar, kalkulert verdi av familiens arbeid på nyanlegg og renteinntekter minus rente- og kårutgifter. I dette notatet er dessutan netto verdiregulering teke med i nettoinntekt.

Nettoinvestering: Nyanlegg minus avskrivning, sal og tilskot. Nettoinvesteringa er lik endring i bokført verdi frå inngåande til utgåande balanse for vedkomande egedel (eller gruppe av egedelar).

Nyanlegg: Verdi av varige egedelar som er skaffa i året. Nyanlegg omfattar, kjøpesum og kjøpskostnader pluss verdi av eigenproduserte varer og eige arbeid på nyanlegget.

Omløpsmidlar: Egedelar som ikkje er skaffa for varig eige eller bruk. Dei har funksjonstid på under eitt år, eller er knytte til den kortsiktige omsetjinga va varer og tenester.

Privatforbruk: Private utgifter inkl. avskrivning på balanseførde egedelar som privatbil. Inkluderer også vedlikehold av hovudbygning.

Realinvestering: Investering i realkapital (realverdiar)

Realkapital: All annan kapital enn finanskapital, det vil seie jord, skog, bygningar, maskinar, buskap, varelager m.m.

Sal (fråsal): Salsinntekter frå balanseførde anleggsmidlar. Ved vinst ved sal vert brykt til nedskrivning, medan tap ved sal vert avskrive. Ved sal av jord eller skog vert den bokførde verdien av det selde arealet nedskriven til null, og overskytande verdi vert ført som verdiregulering.

Sjølvsfinansiering: Uttrykk for kor mykje av årets inntekt som er disponibelt for investering. Er her utrekna som sparing pluss avskrivningar.

Skatt: Innbetalt skatt i rekneskapsåret, det vil seie forskotsskat for næringsdrift og skattetrekk for lønsinntekt pluss betalt restskatt minus tilbakebetalt skatt for året før. Folkestrygdavgift på løns- og næringsinntekt er medrekna.

Sparing: Inntekt som ikkje er brukt i året. Er lik endring i eigenkapital.

Verdiregulering: Visse inn- eller utbetalingar som ikkje inngår ved utrekning av nettoinntekt. I driftsgranskingane er dette slik som barnetrygd, arv, gåver og lotterigevinst og visse andre vinstar. Det vil seie verdioverføring som ikkje er rekna som inntekt for mottakar eller kostnad for den som betalar ut beløpet. I dette arbeidet inngår verdiregulering i nettoinntekt.

Tidlegare utgitt i denne serien – 2010

- 2010–1 Begrensede konsekvenser av fjørfedirektivet – Utredning av konsekvenser av EUs fjørfedirektiv. Lars Øystein Eriksen, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2010–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 1999–2008. Tabellsamling 2004–2008. Kjell Staven, Helge Bonesmo, Liv Grethe Frislid, Svein Olav Holien, Kristin Stokke Folstad, Siv Karin Paulsen Rye, 100 s.
- 2010–5 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2008. Aktuelle artikler og tabellsamling 2004–2008. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 93 s.
- 2010–6 Melding om årsveksten 2009. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbø, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2010–7 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, Heidi Knutsen, 86 s.
- 2010–8 Økonomien i landbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2004–2008. Tabellsamling 2004–2008. Terje Haug, 95 s.
- 2010–9 Gårdsvarmeanlegg basert på bioenergi – økonomi og erfaringer. Undersøkelse blant fem gårdsvarmeanlegg. Liv Grethe Frislid, Knut Krokann, 30 s.
- 2010-10 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008
Torbjørn Haukås, Lars Ragnar Solberg, 66 s.
- 2010-11 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2008. Trendar og økonomisk utvikling 1999-2008.
Tabellsamling 2004-2008. Heidi Knutsen, Irene Grønningsæter, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2010-12 Importvern for norsk jordbruk. Status og utviklingstrekk. Klaus Mittenzwei, Mads Svennerud, 29 s.
- 2010-13 Næringsfiske i ferskvann. Lønnsomhet og suksessfaktorer ved fiske, foredling og markedsføring av ferskvannsfisk. Siv Karin Paulsen Rye, Knut Krokann, 50 s.
- 2010-14 Produktivitetsutvikling i norsk jordbruk 1990–2009. Analyse basert på jordbrukets totalrekneskap. Agnar Hegrenes, 33 s.
- 2010–15 WTO og subsidier. Regelverk og tvisteløsning på landbruksområdet. Frode Veggeland, 41 s.
- 2010–16 Dekningsbidragskalkyler. Nord-Norge 2010/2011. Ole Kristian Stornes, 45 s.
- 2010–17 Kartlegging av markedssituasjonen for reinkjøtt. Gro Steine, Kjersti Nordskog, Johanne Kjuus, 27 s.
- 2010–18 Økonomien på store mjølkebruk. En undersøkelse av økonomien på bruk med 30–70 årskyr for regnskapsåra 2006–2008. Knut Krokann, 54 s.
- 2010–19 En analyse av investeringer i landbruket. Er man lykkelig som stor når man kunne vært liten? Lars Ragnar Solberg, 39 s.

Tidlegare utgitt i denne serien – 2011

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvereforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.
- 2011–12 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008. Lars Ragnar Solberg, Liv Grete Frislid, 48 s.
- 2011–13 Tid for satsing på landbruk i Afrika. Ellen Henrikke Aalerud, Anna Birgitte Milford, 29 s.
- 2011–14 «Føre var» i laksenæringen: Tid for kollektiv håndtering av underdekning av fiskeolje. Gro Steine, Ragnar Tveterås, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2011–15 Rensekostnader ved innføring av miljøvennlige spredningsmetoder for husdyrgjødsel. Julie Nævik Hval, Knut Krokann, 30 s.

ADRESSE HOVEDKONTOR

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon: 22 36 72 00
Postboks 8024 Dep	Storgata 2 4 6	Telefaks: 22 36 72 99
0030 OSLO		E-post: postmottak@nilf.no
		Internett: www.nilf.no

ADRESSE DISTRIKTSKONTORER

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	postmottak@nilf-ho.no
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	postmottak@nilf.fmst.no
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	postmottak@nilf-nn.no

ISBN 978-82-7077-810-2
ISSN 0805-9691

